

Velkommen til Helland barneskule SFO

Skuleåret 2024-2025



Dette skuleåret har vi stor auke i antal barn og blir nesten 130 barn på SFO. Vi deler gruppa i Base 1 (for 1.og2.klasse) og Base 2 (3.-7.klasse). Vi ser fram til å bli kjent med dei nye barna som skal begynne på SFO, og håpar på godt samarbeid med dykk som foreldre.

Vår SFO er knytt til nettverket for SFO. De kan lese meir om dette ved å gå inn på www.sfonett.no

Kontaktinformasjon SFO

På SFO brukar vi Visma flyt skole som kommunikasjonsplatform. Her kan de melde fråvær dersom barnet ikkje skal på SFO etter skuletid, sende melding til ansatte og sjå om barnet er sjekka inn- og ut frå SFO. Kvar avdeling har også telefon som de kan ringe til dersom noko uventa skulle oppstå. Har de noko de ønska å ta opp kan de også ta kontakt med SFO-leiar Jeanette Beinset.

SFO mobil base 1: (1. og 2.klasse) 97 16 60 67

SFO mobil base 2: (3.-7.klasse) 90 91 58 01

SFO-leiar: 90 16 12 96

E-post: jeanette.beinset@vestnes.kommune.no

Kva kan du forvente av SFO

- At førsteklassingane får nok tid til å etablere tryggleik den første tida
- At barnet ditt skal få trøyst og omsorg når det treng det
- At barnet ditt blir sett når det opplever isolasjon og «vennetørke»
- At SFO-tilsette ringer deg eller tek kontakt dersom dei er bekymra for noko knytt til ditt barn

Kva kan du ikkje forvente av SFO

- At alle tilsette til ei kvar tid veit kor ditt barn oppheld seg, men nokon veit og vi skal hjelpe deg å finne barnet på kort tid
- I travle periodar får dessverre ikkje alle barn den personlege oppfølginga dei treng slik dei kanskje fekk i barnehagen
- Det er ikkje automatikk i at det som skjer på skulen er kjent for SFO. Spesielle samarbeidstiltak må de be om sjølv
- At de kan ringe når de står utafor for å be oss sende ditt barn ut med riktig utstyr. Det er viktig å la barna få avslutte sin aktivitet og ryddar før det går frå SFO

Kva SFO forventar av føresette

- At de seier i frå til personalet når barnet blir henta
- At de ryddar garderoben til barnet og ser etter at dei har alt dei treng
- At de hjelper oss å overhalde reglar og rutinar vi har på SFO
- At de overheld tidsfristar og leverer skjema innan gjeldande frist
- At de tek opp ting direkte med oss, så vi saman kan kome fram til gode løysingar
- At de er oppdatert på det som skjer på SFO.



Gisela Smith-Nilsen - Rektor
Jeanette beinset - SFO-leiar
Wenche Misfjord
Elisabeth Henriksen
Melinda Furland Kjersem
Elin Connor
Kristine Kirkeslett
Wenke Bjørlykstøl
Halina Teresa Malisz
Marthe Sofie Motland
Linda Fjørtoft Aas
Tone Fjørtoft Aas
Linda Gisnås
Mona Valvatne
Siv Bente Hubred
Lisa Marie Stenødegård
Evy Ræstad
Olha Kholodulkina
Alma Kunickiene
Yulia Semina
Elias Henriksen
Azmera Tesfaye Beshir

Praktisk informasjon

Planleggingsdagar

Personale på SFO har 5 planleggingsdagar pr. skuleår. Desse dagane er SFO stengt.

- 14. August
- 15. August
- 16. August
- 3. Januar
- 30. Mai

I tillegg har SFO stengt jul og påske.

Måltid

SFO servera frukt og drikke. Matpakke må barna ha med sjølv. Vi spis kl. 13.45 kvar dag. Dette gjeld for begge avdelingane. Måltid på SFO skal fremme god helse og matglede, og være en sosial arena der felleskap, kommunikasjon og samhandling skal stå i fokus.

Dagsrytme

- | | |
|-------------------|--------------------|
| 12.45-13.45 | Uteleik |
| 13.45 | Mat |
| 14.15-15.00/15.30 | planlagt aktivitet |
| 15.30-16.30 | Inne/uteleik |

Morgontilbod

På morgen SFO vil vi ikkje etterlyse barn som ikkje kjem, alle som skal bruke morgontilbodet før skulestart må derfor levere barna inn på SFO om morgonen.

- 1.-2.klassingane har base i 1.etg på barneskulebygget (hovuddøra ved 1.klasse)
- 3.-7. klassingane har base i 2.etg på barneskulebygget (Hovuddøra over SFO/1.klasse)

Før skulestart skal dei som er på morgontilbod vere inne på SFO. Dette er ei rutine vi har innarbeida for å sikre oss oversikt over barn vi har ansvar for. Dei som skal på SFO før skulestart må bli levert innan kl. 08.15, etter det kjem ein overgangssituasjon og skulestart. Barn som skal ete frukost på SFO må ha med matpakke heimanfrå, SFO servera drikke. Vi ønska at dei som kjem etter 08.00 har ete frukost heime slik at dei får moglegheit til å leike litt før skulestart.

Hentesituasjon

På ettermiddag vil vi etterlyse barn som ikkje møter opp. Det er derfor viktig for oss at du melder frå dersom ditt barn ikkje skal på SFO.

Beskjedar til SFO må leggast inn seinast kl. 12.30 i Visma appen.

Vi vil ha beskjed frå føresette når:

- nokon andre enn føresette skal hente barnet (du kan legge inn fast avtale i appen)
- barn skal sendast frå SFO til andre aktivitetar utanfor skuleområdet t.d. til kulturskulen (OBS! barna kan ikkje kome attende til SFO)
- barn deltek på andre aktivitetar som kor/korpsøving i skulen sine lokale. (Barna kan komme tilbake til SFO)
- aktivitetar er avlyst og barn ikkje skal sendast
- barnet skal bli med andre heim
- dersom barnet ikkje skal på SFO etter skuletid, gje beskjed til skulen om kvar dei skal sendast.

Legg tidene til kvart kvarter for fast avtale/beskjed. Vi vil ved slike høve hjelpe barnet med sekken, men ikkje med sjekk av klede, korger og skift. Då må ein hente barnet sjølv.

NB. Du kan ikkje ringe SFO for å be om at barnet blir sendt ut/heim.

Det kan ikkje lagast faste avtalar for heimsending av førsteklassingane. Vi meiner dei treng hjelp med klede og utstyr m.m.

Når du skal hente ditt barn på SFO skal du ta kontakt med personale som kryssar ut alle barn som blir henta.

Ferietilbod

Dei som har plass på SFO har anledning til å kjøpe ferietilbod utanom skuleruta. Påmelding til ferieoppdrag på SFO utanom skuleruta blir sendt ut via Visma Flyt Skole.

Påmelding skjer via ei lenke i visma med desse påmeldingsfristane:

Før skulestart	- 10. April
Haustferien veke 41	- 10. September
Vinterferien veke 8	- 10. Januar
Etter skuleslutt	- 10. Mars

Om det blir færre enn 12 påmeldte barn i ferieopne veker, må SFO halde stengt - jamfør vedtekter i Vestnes kommune.

I dei ferieopne vekene er det viktig å leggje merke til at kjernetida er mellom kl. 10.00 og 14.00. Om barnet skal leverast seinare enn dette, må foreldra ringe så dei ikke opplever å møte stengte dører pga. tur osv. Dersom dei tek fri eller om dei er sjuke, må også foreldra gje beskjed.

Dei som brukar ferietilboden på SFO må ordne med eigen fastavtale som gjeld berre desse vekene.

Sjå www.vestnes.kommune.no for meir informasjon om SFO.

Anna informasjon

- Det er ikkje lov å ta med privat leikeutstyr på SFO.
- Barna har ikkje lov å ringe heim for å lage nye avtalar i SFO tida. Mobil eller smartklokke skal leverast inn til dei er henta/utkryssa frå SFO.
- Hugs å merke klede og sko, då er det lettare for alle å finne den rette eigaren. Sørg for at barnet har skiftklede og uteklede. Minn barna på at dei nyttar innesko.
- Vi minner om at det er innkøyring forbode på skulen sitt område i tida mellom Kl.07:00 og 16:30. Vi bed dykk om å respektere dette og parkere på parkeringsplassen eller i rundkøyringa når de skal bringe/hente barna.

Venleg helsing personalet ved Helland Barneskule SFO

